

Vår referanse 2021/20547-4
Dato 09.06.2021VASSBAKK & STOL AS
Postboks 63
4291 KOPERVIK


Førehandsuttale - Søknad om midlertidig avkøyrsløse - FV 565 - gnr 500 bnr 3 - Gjerde - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om midlertidig utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse på gnr 500 bnr 3, datert 01.06.2021.

Saka gjeld

Søknaden vi har motteke gjeld utviding av avkøyrsløse i samband med bygging av ny fv. 565, og avkøyrsløse skal brukast til transport av menneskap/utstyr ved bygging. Avkøyrsløse og landbruksveg vil og bli brukt som beredskapsveg ifølge søknad.

Det er lagt ved eit situasjonskart som viser at det er tenkt ei avkøyringslomme på sørsida av fylkesvegen. Det er planlagt å komme frå nordvest og køyre inn mot høgge for å så rygge seg ned den eksisterande landbruksvegen for å komme seg vidare til anleggsområdet.



Planstatus

Delar av eigedomen og avkøyrsløse er regulert i «RV 565 Tolleshaug - Soltveit» med planID 12602006000800, vedteke 24.06.2010. Den er avsett til jord- og skogbruksområde i tillegg til mellombels trafikkområde.

Saksgang


Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg saker som vedkjem vårt saksområde jf. Pbl. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker. Sidan avkøyrsløse er regulert er det Alver kommune som planmynde som skal behandle søknaden. Vestland fylkeskommune vel å skrive ein førehandsuttale om tiltaket.

Uttale

Telefon
05557E-post
post@vlfk.noHeimeside
www.vestlandfylke.noEHF-Fakturaadr.
821311632Organisasjonsnr.
821 311 632

Søknaden som er komme inn viser ei anna løysing enn reguleringsplanen. Dersom ein ikkje skal opparbeide landbruksvegen og avkøyrsla etter reguleringsplanen, må ein søke dispensasjon frå planen til Alver kommune som er planmynde.

I reguleringsplanen for nye fv. 565 er landbruksvegen teikna inn med ei oppgradering frå dagens situasjon. Avkøyrsla slik den ligg i dag har dårleg svingradius og noko dårleg sikt.



Utsnitt frå reguleringsplankartet.

Vestland fylkeskommune meiner avkøyrsla bør byggast slik som den er regulert og viser til reguleringsplanen sine føresegn § 4.1 og til § 4.2 som seier at «andre mellombels anleggsvegar i planområdet som vert bygd vert permanente landbruksvegar etter veganlegget er godkjent».

Vi viser og til § 5.3 i planens føresegn om at «det ikkje er høve til å opparbeide andre avkøyrslar til riksveg 565 enn dei som er viste på plankartet. Avkøyrslene skal utformast og vedlikehaldast i samsvar med Statens vegvesen sine normalar og føresegn til Veglova § 43.»

Vi bed om å få vedtak om avkøyrsla sendt over frå Alver kommune.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4

Odd Martin Kartveit Sundsbø